



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1767 - 19/5996

Saksbehandlar:
Katrine Bjordal Midttun
katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:
09.04.2019

Byggesak gbnr 88/103 Sæbø ytre – seksmannsbustad- mellombels svar

Hei syner til dykkar brev av dato 19.02.2019.

Bygningsstyresmakta har sett på dykkas vurdering av kravet til gangtilkomst og tilgjengelegheit i TEK 17 § 12-2 om krav til tilgjengeleg bueining, og unntaket i § 8-5 om gangtilkomst til bygning med bueining.

Bygningsstyresmakta i Radøy er ikkje samd i dykkar tolking av unntaket i § 8-5, anna ledd. Me vurderer at vilkåret for unntak for gangtilkomst ikkje er oppfylt.

Me ynskjer å vise til reguleringsplanen for Austmarka Hylla som inneheld følgjande føresegn;

2.2 Tilgjengeleg bueining (pbl §12-7 nr 5 jf. TEK §12-2 og § 8-6(1))

2.2.1 Terrenget i BK 1 og BK 2 er for bratt til at kravet om stigningstilhøve for tilgjengeleg tilkomst til bustadeiningane i underetasjen kan oppnåast. Krav om tilgjengeleg tilkomst etter TEK § 8-6, og der av kravet til tilgjengeleg bueining etter TEK § 12-2, gjeld difor ikkje for bustadeiningane i underetasjen.

Føresegna gjeld for nye bustadar i planområdet. Føresegna er tatt inn i reguleringsplanen for å klargjere at kravet til tilgjengeleg tilkomst ikkje gjeld. Årsaka til dette er at unntaket sjeldan vil gjelde for nye bustadar. Som regel vil det vere mogleg å endra plassering eller bygningsvolum slik at tiltaket er i tråd med krava.

Bygningsstyresmakta tolkar heimelen for unntak etter § 8-5 anna ledd ikkje er oppfylt i dette tilfelle.

Vi ber om at det vert sendt inn søknad som tilfredsstillar lovas krav om gangtilkomst til bustad eller dispensasjon frå kravet.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt jurist byggesak Katrine Bjordal Midttun.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN